

**MØTEBOK****Høyring - overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune, samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune**

Utval sak	Utval	Møtedato
85/14	Formannskapet	17.09.2014

Vedlegg:

1. Skriv frå Hordaland fylkeskommune dagsett 26. august 2014.
2. Fråsegn frå drosjeeigar Svein malvin Marås (udatert).

Bakgrunn:

Det er pr i dag ein drosje i Fitjar, som har heimestasjoning(bustadløyve). Hordaland Fylkeskommune har sendt til høyring eit forslag om å slå saman køyreområda i Stord kommune og Fitjar kommune til eitt område. Drosjen i Fitjar må då slutta seg til ein av dei 2 drosjesentralane på Stord.

Høyringsdokumentet viser til at praktiske fylgjer av ei eventuell samanslåing vil vera at løyvehavar i Fitjar må slutta seg til ein av dei to sentralane i Leirvik, men ha stasjonering i Fitjar. Dagens køyrerestriksjonar mellom kjøreområda vert oppheva, og alle løyvehavarar kan ta turar i dei to kommunane.

Vurdering:

Rådmannen viser til at det er geografisk forskjellige og sær s ulike marknader for drosjane i Stord og Fitjar. Det er ein lokal marknad på Stord, der er lokalmarknaden i seg sjølv nok til å halda mange drosjar og to sentralar. Så er det ein lokalmarknad i Fitjar der det har vist seg at grunnlaget for eigen taxisentral har vore lite. Fleire av løyva står ubrukte og drosjesentralen er inaktiv. Det er i dag berre ein løyvehavar med bustadløyve.

Lokalmarknaden i Fitjar sentrum er isolert sett for liten til å ivareta eit lokalt tilbod i kommunen. Samstundes vil det vera langt og sær s dyrt å tinga drosje frå Stord for i ivareta lokalmarknaden i Fitjar, for turar som har start- og endepunkt i Fitjar. Dette har sjølv sagt mindre å sei om det er turar med endepunkt i Stord eller Fitjar, men det vil bli lang ventetid for drosje for å kjøra til Stord frå Fitjar, når bilen er stasjonert i Stord.

Så er det ein marknad som går på faste oppdrag og der køyringa kan fordelast mellom dei 2 sentralane. Store deler av denne marknaden er av avgjerande tyding for at det skal kunne oppretthaldast ein drosje i Fitjar. Dersom ein sprer oppdraga utover og deler på alle løyva, så er det slett ikkje sikkert at ein drosjeløyve i Fitjar vil få oppdraga i Fitjar gjennom ein felles sentral. Dei vil naturleg nok bli fordelt mellom løyva, der Fitjar er eit av mange løyve. Dermed vil store deler av grunnlaget for ein drosje i Fitjar falla bort.

For eit par år sidan var kommunen utan fast drosje. Det viste seg då å vera vanskeleg å få drosje frå Stord til å ta oppdrag i Fitjar. Ein trur ikkje dette vil endra seg om ordninga vert permanent.

Ordninga med bustadløyve i Fitjar har synt seg å fungera godt, drosjen kjem når han blir bestilt, og drosjeeigaren har opparbeidd seg eit grunnlag for å kunna leva av drosjen. Ein har og fått opplyst at det blir arbeidd med reetablering av drosjesentralen i Fitjar.

Det er eit rettkome krav frå innbyggjarane at det er ei drosjeteneste kommunen. Rådmannen meiner difor at det er svært viktig at ein har atskilte køyreområde i Stord og Fitjar kommunar, for at ein skal kunne oppretthalda drosjetenesta i Fitjar. Fitjar kommune bør difor gå i mot forslag om samanslåing av køyreområda i Stord og Fitjar kommunar, og bør be om at Fitjar består som eit eige køyreområde som før, basert på eit bustadløyve.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune går i mot forslag om samanslåing av køyreområda i Stord og Fitjar kommunar, og ber om at Fitjar består som eit eige køyreområde som før, minimum basert på eit bustadløyve.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.



Atle Tørnes
Rådmann